

Kontakt i Kontaktstollen

Fra minneboka til Torgeir T. Garmo

Det må ha vore på ettervinteren 1970, men eg har nok gløymt det meste.

Arild og eg hadde liggji over på Vollen og grafsa grovt til oss av Hannes veldekte frukost-bord. Det anda heimelaga mat og helgefred i huset i bukta, ingenstad var vertinna meire om-tenksam mot gjestene, og det var heller ikkje nokon ulempe at verten hadde skuffer og skap fulle av stein med svarte flekkar som bar mystiske namn som columbitt og turmalin.

Hanne og Hans Christian var røynde steinsamlarar. Meir enn ti år hadde dei rakt på helgetur og feriar til fjerne og forlokkande lokalitetar som Kragerø og Iveland, dei kjende Sørlandet på langs og tvers og prata med kjennarmine om kvartsgangar og attgrodde skjerp. Nå skulle også Arild og eg bli ein del av den vesle og eksklusive menigheita som kalla seg mineralsamlarar.

Det var stort i dei dagar å bli invitert til fest med overnatting i Asker.



Hanne og Hans Christian ved frokostbordet i Asker.

Dagen etter var det steintur til romantiske stadar der det ein gong i ei fjern fortid hadde vorte vunne ut malmar "med 3% kobolt og spor av sølv," som det gjerne stod i NGU's årbøker. Og Hans Christian hadde fylgt opp og krydra kvelden med historier om tapte skjerp og blå smithsonitt i velforma krystallar, noko som ein stakkars gudbrandsdøl som hadde vakse opp på grått grunnfjell berre kunne sikle på i storlåtte biletbøker frå eit stort utland.

Her var dette heimebane, det var nok å ta av.

Dei tre andre var drammenserar og vaksne opp i ei merkeleg blanding av urensa industrilukt og susen frå skjeggete furuskog langs surklande myrdrag. Og på dei låge randane som skaut bart fjell i dagen mellom bekkjefara hadde nokon ein gong langt atti ti'n leitt etter malm og hakka groper i berget eller sett eit lite skot med svartkrut.

Mellan kollane lengre bak göymde Krambudalen seg og Skara, heile gruvesamfunn hadde halde til her ein gong. Det lukta sur svovelkis frå overgrodde tippar og ghost-town frå låge steinmurar som enda kunne skimtast i krattskogen.

Men i dag var det Konnerud og Kontaktstollen.

Det var fyrste turen min under bakken. Tunnelen som Hans Christian kalla stoll tapte seg i myrkret bak alle lommelykter innover.

Lyset streifa over grøne og blå flekkar på veggane, sjå der var det nesten sjølvlysande kvitt heilt oppe i taket. Eg fylgte intenst med og rusla sakte innover. Brått var det ingen grunn under

fötene mine. I ein glimt ante eg ein stokk på tvert og kasta meg fram. Mista lykta, men fekk klamra meg fast og illskreik.

Arild kom styrtande til og fekk gripi meg før taket glapp i den sleipe stokken. Ei fast hand drog meg opp på kanten, så lyste han ned langs eit byggverk av halvrotne stokkar som tapte seg i svart vatn langt der nede: -Så du ikke synken ? - Den fyrste gruveturen kunne lett vorte den siste.

- Her er en druse, Hans Christian! kauka Hanne brått frå ein liten sidegang. - Bare den fordømte kalkspaten, konstantere Hans Christian etter ei stund. Men nei, Hanne ville ikkje gjeva seg: - Det er noe metallisk som stikker her! - OK! Hans Christian gav seg og sopte heile botnen av drusa opp i ein plastpose.

Sølvstullen dukka opp i vasken heime på Vollen.

SHONA KUNST

Godt utvalg av disse fantastiske steinskulpturene fra Zimbabwe



Thor Sørliie - 69 18 64 12
kts@halden.net